



Leiar Johannes Feet med hannfisker på over 15 kilo som forskarane fekk opp i haust (Foto: Ola Matti Mathisen9)

**Styret i elveigarlaget vil vurdere å begrensa fisket i elva, når marinbiologane har uttala seg, Det held leiar Johannes Feet fram i ein kommentar til intervjuet vårt med tidlegare oppsynsmann Arne Terje Haugland i går.**

**Feet skriv slik til oss:**

'Viser tiltidlegare innlegg angående Uskedalselva. Styret i Uskedalen Elveigarlag har fått som oppgåve å forvalte den gode fiskeelva i Uskedalen på vegne av grunneigarane.

Vi vil gjere det vi kan for å bevare denne ressursen til dei kommande generasjonane, og om det betyr att vi må begrense opptaket av laks og aure i elva.

Styret i Uskedalen Grunn og Elveigarlag har tett samarbeid med fylkesmannen og dei marinbiologane dei har til rådighet.

Det vert natuleg for styret å leggje vekt på nokre av dei råda marinbiologane kjem med ,og leggje dei fram for grunneigarane.

Eg vil og nytta anledningen til å takke for mange gode forslag både frå fiskarar og grunneigarar i året som gjekk, Dei kjem godt med når vi skal forvalta elva i Uskedalen vidare.'

**Johannes Feet**  
Uskedalen Elveigarlag'